



1.3.2012

INNKALLING

Møte i **PROGRAMUTVALET FOR LÆRARUTDANNING** torsdag 8. mars 2012, kl.14.15-16.00, seminarrom 353, HF-bygget.

Anne-Brit Fenner
Heming Gujord
Christian Sæle
Tor Jan Ropeid
Randi Ødegård
Jan Oldervoll
Hilde Hjertager Lund
Sekretær: Silje Anette Lindgren

I	Godkjenning av innkalling og saksliste			
II	Godkjenning av protokoll frå møtet 31. januar 2012			
III	Orienteringssaker			
	<ol style="list-style-type: none">1. Møte i Programstyret 20. februar 20122. Nasjonal konferanse om rammeplanarbeid for lærarutdanning trinn 8-13 i Oslo 14. februar 20123. Invitasjon til praksislærarar om gjesteforelesingar m.m.4. Brev frå Det humanistiske fakultet til Programstyret om opptak til PPU éin gong per år (S12/2, møte i PUHF 31. januar 2012) (vedlegg)5. Driftsmidlar til PUHF6. Fellesmøte for programsensorar på lærarutdanninga ved UiB 6. og 7. juni 20127. Brev frå Programstyret om faglunsj (vedlegg)8. Om faglunsj 20. februar 20129. Brev frå Programstyret om tverrfakultært samarbeid og felles arbeidssamling (vedlegg)10. Svar frå Praksisutvalet, som gjeld S11/23 (møte i PUHF 15. september 2011) (vedlegg)			
IV	Saker			
S12/5	Programsamling for studentane på MAHF-LÆFR og MAHF-LÆNO våren 2012 (vedtakssak)			
S12/6	Endringar i studieplanen for MAHF-LÆFR (vedlegg) (vedtakssak)			
S12/7	Endringar i studieplanen for MAHF-LÆNO (vedlegg) (vedtakssak)			
S12/8	Prioriterte område for programsensor (vedtakssak)			
S12/9	Ny nasjonal rammeplan (diskusjonssak)			
V	EVENTUELT			
		Anne-Brit Fenner		
				Silje Anette Lindgren



PROTOKOLL

Møte i **PROGRAMUTVALET FOR LÆRARUTDANNING** tysdag 31. januar 2012,
kl. 10.15 - 12.00, undervisningsrom 217, Sydnesplassen 12/13.

Til stades:	Leiar	Anne-Brit Fenner
	IF	Tor Jan Ropeid
	AHKR	Christian Sæle
	Studentrepresentant , IL	Randi Ødegård
	Frå administrasjonen	Silje Anette Lindgren (sekretær) Hilde Hjertager Lund (observatør)
Ikkje møtt:	LLE	Heming Gujord
	Visedekan for undervisning	Jan Oldervoll (observatør)

I	Godkjenning av innkalling og sakliste
	Éi orienteringssak blei lagt til: Orienteringssak 9: Invitasjon til og program for forskarsymposium i UH-nett Vest 19. og 20. mars 2012
II	Godkjenning av protokoll frå møtet 15.12.11
	Protokollen blei godkjent utan merknader.
III	Orienteringssaker
	1. Møte i Programstyret 13. januar 2012 Hilde Hjertager Lund orienterte. S01/12 Programsensorrappporter i lærerutdanningen Årsrapportane frå programsensorane som er knytte til lærerutdanninga ved UiB, både integrert lektor- og adjunktutdanning og PPU, ligg no føre. Rapportane er sendt ut til alle tilsette i lærerutdanninga ved UiB, og innhaldet skal slik vere kjent. På møtet i Programstyret var det særleg fire område som blei peika på i forhold til vidare oppfølging: nettsider, integrasjon mellom fagdidaktikk, pedagogikk og disiplinlign, samarbeid om skuleerfaring og kollisjonar mellom praksis og forelesingar. Nettsidene er under arbeid, og jf. S11/27 på møte i PUHF 10. oktober 2011 og S28/11 på møte i Programstyret 24. oktober 2011, er også kollisjonar mellom praksis og forelesingar noko som blir følgt opp med ulike tiltak. Tiltak i forhold til betring av integrasjon og samarbeid blei teke opp igjen under S02/12 og S03/12. S02/12 Tverrfakultært samarbeid i lærerutdanningen Programstyret ønskjer våren 2012 å arrangere eit heildagsseminar, der pedagogar og fagdidaktikarar som skal ha skuleerfaring i 5. semester, får høve til å utarbeide eit felles opplegg for skuleerfaringa.

Dette er et UiB-internt notat som godkjennes elektronisk i ePhorte

S03/12 Felles faglunsj

Programstyret tilrår at det blir arrangert ein felles faglunsj for tilsette i lærarutdanninga 2 gonger per semester, som tiltak for å betre samarbeid og integrasjon. Ansvar for arrangementet vil gå på omgang mellom fakulteta.

2. Møte i Studiestyret 3. januar 2012

Anne-Brit Fenner orienterte.

DS1/12 Plassering av Examen philosophicum i studieløpet – muntlig orientering og diskusjon

S1/12 Forslag til høringssvar – Forskriften til *Universitets- og høyskoleloven*

S2/12 Programsensorrapport i den integrerte lektorutdanningen

Studiestyret tok årsrapporten frå programsensor for MAHF-LÆFR og MAHF-LÆNO til orientering, men rår til at rapporten blir endra i tråd med merknadene frå PUHF (S11/38, 15. desember 2011).

3. Årleg lærarutdanningskonferanse i regi av Utdanningsforbundet 23. januar 2012 – Når utdanning møter yrke

Anne-Brit Fenner orienterte.

Leiar av PUHF, Anne-Brit Fenner, deltok på konferansen. Tema for konferansen var praksisopplæringa i lærarutdanningane, og blant anna blei PiL- prosjektet (Praksis som integrerande element i lærarutdanninga) presentert: www.pilprosjektet.com.

4. Årsrapport frå koordinerande programsensor for adjunkt- og lektorutdanninga ved UiB

Anne-Brit Fenner orienterte.

Det humanistiske fakultet har fått sendt over årsrapporten frå koordinerande programsensor for adjunkt- og lektorutdanninga ved UiB. PUHF tek rapporten til orientering, og synest det er positivt at koordinerande programsensor i neste periode vil sjå nærare på relasjonen mellom UiB og praksisskulane, og dessutan på omorganiseringa. I tillegg til dette kunne PUHF tenkje seg at programsensor snakkar med tilsette innanfor disiplinfaga.

5. Undervisning på 200- og 300-nivå i engelsk

Anne-Brit Fenner og Silje Anette Lindgren orienterte.

Innhaldet og undervisninga i lingvistikkemna (L-emna) på 200-nivå i engelsk er no redusert for studentane på MAHF-LÆFR. Eit par av emna på 300-nivå i engelsk, som inngår i studieplanen for MAHF-LÆFR, har våren 2012 ei eksamensform som gjer det krevjande for studentar på MAHF-LÆFR å følgje emna.

6. Lærarutdanningskonferansen 2012 ved UiB

Hilde Hjertager Lund orienterte.

Den årlege lærarutdanningskonferansen ved UiB vil i 2012 bli arrangert 15. og 16. mars på Solstrand. Invitasjonen er sendt ut, og påmeldingsfristen er 15. februar 2012. Det vil òg vere mogleg for tilsette i disiplinfag å melde seg på, og ein oppmodar leiinga ved fakulteta om å delta.

7. Konferanse om praksisretta FoU i lærarutdanninga 23. - 24. april 2012 i Trondheim

	<p>Anne-Brit Fenner og Silje Anette Lindgren orienterte. Lærerutdanningsmiljøa i Trøndelag arrangerer 23. - 24. april 2012 den tiande konferansen om FoU i praksis. Tittel på konferansen er "Dannelse, mangfold og fremtid", og målgruppa er tilsette og stipendiatar i lærarutdanninga. Påmeldingsfristen er 26. mars. Det er òg høve til å melde seg på med bidrag. Påmeldingsfristen er då 15. februar. Konferanseavgifta er den same. For meir informasjon, sjå http://www.dmmh.no.</p> <p>8. Nasjonal konferanse om rammeplanarbeid for lærarutdanning trinn 8-13 i Oslo 14. februar 2012</p> <p>Anne-Brit Fenner og Hilde Hjertager Lund orienterte. 14. februar 2012 vil det bli arrangert ein nasjonal konferanse i Oslo, som gjeld rammeplanarbeidet for lærarutdanning trinn 8-13. Dei tre utvala vil der presentere utkast til rammeplanar. Utkasta vil bli lagt ut på nettsidene til Universitetet i Tromsø éi veke i forkant av konferansen. Kvar utdanningsinstitusjon har i utgangspunktet høve til å stille med maksimum fire deltakarar på konferansen. Visedekan Jan Oldervoll har meldt seg på som representant frå HF. Hilde Hjertager Lund har sendt førespurnad om UiB kan stille med fleire deltakarar, og vil bli kontakta i etterkant av påmeldingsfristen dersom det er ledige plassar.</p> <p>9. Invitasjon til og program for forskarsymposium i UH-nett Vest 19. og 20. mars 2012</p> <p>Silje Anette Lindgren orienterte. UH-nett Vest inviterer representantar frå forskingsnettverka og forskingsprosjekta som har fått tildelt midlar frå UH-nett Vest til forskingssymposium 19. og 20. mars 2012. Forskingsnettverka melder på deltakarane innan 1. mars 2012.</p>
IV	Saker
<u>S12/1</u>	<p>Overslag over driftsutgifter for PUHF i 2012</p> <p>Vedtak: Overslaget over driftsutgiftene til PUHF i 2012 blir redigert i tråd med merknadene som kom fram i møtet, og sendast til fakultetet for godkjenning.</p>
<u>S12/2</u>	<p>Høyring om opptak til PPU éin gong per år</p> <p>I møtet blei saka diskutert og ei prøvevotering blei gjort. Denne var samrøystes for opptak éin gong i året. Alle fagdidaktikarane på HF blei spurde, og berre éin var imot.</p> <p>Vedtak: PUHF går inn for ei prøveordning med eitt opptak i året (haust) for PPU-studiet. Prøveordninga skal evaluerast etter to år. Dersom søkjartalet til PPU aukar på eit seinare tidspunkt, skal saka vurderast på nytt. Talet på kvart kull skal ikkje på noko fag overstige 30 studentar.</p>
<u>S12/3</u>	<p>Semesterrapport for PUHF hausten 2011</p> <p>Vedtak:</p>

	PUHF godkjenner semesterrapporten for hausten 2011, og rapporten sendast over til Studiestyret.		
<u>S12/4</u>	Møteplan for våren 2012 Vedtak: Møta i PUHF våren 2012 blir haldne på følgjande tidspunkt: Torsdag 8. mars kl. 14.15 - 16.00 Tysdag 17. april kl. 14.15 - 16.00 Måndag 14. mai kl. 10.15 - 12.00 Tysdag 12. juni kl. 10.15 - 12.00		
V	EVENTUELT Det var ingen saker under eventuelt.		
		Anne-Brit Fenner	
			Silje Anette Lindgren



Det psykologiske fakultet

Referanse

2011/13751-SILLI

Dato

13.02.2012

Opptak til PPU én gang per år - tilbakemelding fra Det humanistiske fakultet

Viser til brev datert 17.1.2012, der Programstyret for adjunkt- og lektorutdanning ber Programutvalget for lærerutdanning ved Det humanistiske fakultet (PUHF) om å diskutere muligheten for opptak til PPU én gang per år.

PUHF behandlet saken i møte 31. januar 2012, S12/2 Høring om opptak til PPU éin gong per år, og følgende vedtak ble fattet:

PUHF går inn for ei prøveordning med eitt opptak i året (haust) for PPU-studiet. Prøveordninga skal evaluerast etter to år. Dersom søkjartalet til PPU aukar på eit seinare tidspunkt, skal saka vurderast på nytt. Talet på kvart kull skal ikkje på noko fag overstige 30 studentar.

I tillegg til medlemmene av PUHF, fikk fagdidaktikerne ved Det humanistiske fakultet anledning til å uttale seg om saken, før vedtaket ble fattet. I og med at saken ikke kommer på høring til fakultetene i etterkant av møtet i Programstyret 20. februar 2012, ønsket imidlertid Det humanistiske fakultet også å gi instituttene muligheten til å uttale seg. Saken, inkludert vedtaket fattet i PUHF, ble derfor sendt på høring til instituttene 7. februar 2012. Instituttene ble bedt om å komme med snarlig tilbakemelding, dersom de skulle ha merknader.

Per i dag har Det humanistiske fakultet kun fått tilbakemelding fra Institutt for fremmedspråk, som støtter vedtaket fattet i PUHF. På grunn av kort frist, tas det imidlertid forbehold om at det kan komme merknader fra instituttene etter 13. februar 2012. Disse sendes i så fall over til Programstyret for adjunkt- og lektorutdanning innen 17. februar 2012.

Vennlig hilsen

Ronald Worley
studiesjef

Silje Anette Landsverk Lindgren
førstekonsulent

Dette er et UIB-internt notat som godkjennes elektronisk i ePhorte

Det humanistiske fakultet
Telefon 55589380
Telefaks 55589383
post@hf.uib.no

Postadresse
Postboks 7805
5020 Bergen

Besøksadresse
Bergen

Saksbehandler
Silje Anette Landsverk
Lindgren



Det psykologiske fakultet

Referanse

2011/13751-SILLI

Dato

16.02.2012

Opptak til PPU én gang per år - ettersendelse av innspill fra AHKR ved HF

Viser til svarbrev angående opptak til PPU én gang per år fra Det humanistiske fakultet, datert 13.2.2012, der det tas forbehold om at det kan komme merknader fra instituttene etter 13.2.2012.

Det humanistiske fakultet har fått tilbakemelding fra Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap (AHKR). AHKR støtter vedtaket fattet av PUHF, men understreker viktigheten av en grundig evaluering etter to år.

Innspillet fra AHKR sendes med dette over til Programstyret for adjunkt- og lektorutdanning.

Vennlig hilsen

Ronald Worley
studiesjef

Silje Anette Landsverk Lindgren
førstekonsulent

Vedlegg

1 Innspill fra AHKR

Dette er et UiB-internt notat som godkjennes elektronisk i ePorte

Institutt for arkeologi, historie, kultur- og
religionsvitenskap
Telefon
Telefaks

Postadresse
Postboks 7805
5020 Bergen

Besøksadresse
HF-bygget, Sydneplassen
7
Bergen

Saksbehandler
Julie Tønsaker Watkins
55583025



Det humanistiske fakultet

Referanse

2012/1824-JUWA

Dato

13.02.2012

Svar fra AHKR om opptak til PPU én gang i året

AHKR stiller seg bak PUHF's positive uttalelse om en toårig prøveperiode med kun ett PPU-opptak årlig.

Instituttet understreker imidlertid viktigheten av at opplegget gjennomgår en grundig og helhetlig evaluering om to år, der didaktikere og alle involverte institutt får anledning til å uttale seg om erfaringer med større studentgrupper og en mer komplisert praksiskoordinering. Fagenes didaktikkressurser kan også ha betydning for hvorvidt ordningen bør videreføres etter prøveperioden.

Vennlig hilsen

Christhard Hoffmann
instituttleder

Julie Tønsaker Watkins
seniorkonsulent

Dette er et UiB-internt notat som godkjennes elektronisk i ePhorte

Det psykologiske fakultet
Telefon 55582710
Telefaks
post@psyfa.uib.no

Postadresse
Postboks 7807
5020 Bergen

Besøksadresse
Christiesgt. 13
Bergen

Saksbehandler
Hilde Hjertager Lund
55584840



Lærerutdanningsutvalgene ved fakultetene

Referanse

2012/296-HILLU

Dato

01.02.2012

Felles faglunsj

På møte i programstyret for adjunkt- og lektorutdanning den 13. januar 2012 ble sak om *Felles faglunsj*, sak 03/12 på saklisten oppe til diskusjon. Bakgrunn for å ta dette opp er både innspill som framkommer av programsensorrapporter og PEK-prosjekt med fokus tverrfakultært samarbeid. Faglunsjen er tenkt å fungere som et møtepunkt for å bli bedre kjent, som erfaringsutveksling på tvers fakultet så vel mellom ansatte og studenter, og også som faglig påfyll. Det ble påpekt at det var viktig at fakultetene delte dette ansvaret mellom seg, og at innhold og form ble opp til det enkelte fakultet.

Det ble vedtatt følgende på møtet den 13. januar: **«Programstyret anbefaler at det våren 2012 igangsettes Felles faglunsj for ansatte i lærerutdanningen, 2 ganger per semester. Ansvar for invitasjon og program går på omgang mellom fakultetene. Det anbefales at Lærerutdanningsutvalgene ved de ulike fakultetene får dette ansvaret. Det psykologiske fakultet tar første faglunsj i februar og Det samfunnsvitenskapelige fakultet tar ansvar for lunsjen i april. Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet og Det humanistiske fakultet tar ansvar for hver sin lunsj høsten 2012 (september og november). Kostnader til lunsj dekkes av programstyrets midler.»**

Det psykologiske fakultet er i gang med planleggingen av den første faglunsjen og dato satt til:

Dato: Mandag 20. februar

Tid: kl 1130-1230

Invitasjon til lunsjen vil bli sendt ut senere.

Kari Smith
programstyreleder

Hilde Hjertager Lund
programkoordinator

Dette er et UIB-internt notat som godkjennes elektronisk i ePhorte

Det psykologiske fakultet
Telefon 55582710
Telefaks
post@psyfa.uib.no

Postadresse
Postboks 7807
5020 Bergen

Besøksadresse
Christiesgt. 13
Bergen

Saksbehandler
Hilde Hjertager Lund
55584840

Kopi:

Hilde Marie Rognås

Hege Sygna

Hege Ekeland

Marianne Jensen

Silje Anette Landsverk Lindgren



Til lærerutdanningsutvalgene ved fakultetene

Referanse

2012/276-HILLU

Dato

01.02.2012

Brev fra programstyret vedrørende tverrfakultært samarbeid og felles arbeidssamling arbeidssamling

For å styrke kommunikasjon og samarbeid på tvers av fakultetene, har programstyret på møtet den 13. januar diskutert mulige tiltak som kan bidra til dette. Det er særlig samarbeid om skoleerfaringen på Integrert lektorutdanning 5. semester som har vist seg vanskelig å få til. Resultatet har vært tilbakemeldinger fra studenter om overlapp mellom pedagogikk og fagdidaktikk, og opplevelsen av mangel helhetstenkning og sammenheng i studiet (jfr studentevalueringer og frafallsanalyse). Programstyret vedtok følgende på møtet den 13. januar:

«Det arrangeres en felles samling fra kl 14 dag en til lunsj dag to 24.-25.mai på Panorama konferanse (Marsteinen) dersom det er ledig kapasitet. Programstyret legger sitt møte i forkant av samlingen fra kl 1215-1400. Samlingen blir først og fremst for fagdidaktikere og pedagoger. En representant fra administrasjon, skole og en studentrepresentant bør inviteres med for å komme med informasjon som beriker den faglige diskusjonen. Kostnader dekkes av PEK- midler.»

Invitasjon til samlingen vil bli sendt ut senere.

Kari Smith
programstyreleder

Hilde Hjertager Lund
programkoordinator

Kopi:

Hilde Marie Rognås
Silje Anette Lindgren
Hege Ekeland
Marianne Jensen
Hege Sygna

Dette er et UIB-internt notat som godkjennes elektronisk i ePhorte

Det psykologiske fakultet
Telefon 55582710
Telefaks
post@psyfa.uib.no

Postadresse
Postboks 7807
5020 Bergen

Besøksadresse
Christies Gate 13
Bergen

Saksbehandler
Hege Ekeland
55 58 47 6847 68



Det humanistiske fakultet

Referanse

2011/12010-HEEK

Dato

31.01.2012

Svar fra praksisutvalget vedrørende sak 11/23 i PUHF

Viser til brev av 17.10.2011 som var en purring på et brev sendt til programstyret for adjunkt- og lektorutdanning 15. april 2010.

Praksisutvalget beklager overfor PUHF at utvalget ikke har fått svar før nå. Saken ble opprinnelig sendt videre fra programstyret for adjunkt- og lektorutdanningen på et tidspunkt hvor det ikke fantes et fungerende praksisutvalg. Saken er derfor ikke blitt behandlet før i praksisutvalgets møte den 5. januar 2012.

I sitt møte den 18. mars 2010 vedtok PUHF følgende:

Programutvalget for lærerutdanning ber om at det oppnevnes et hurtigarbeidende utvalg bestående av tre fagdidaktikere, en fra hvert fakultet, to pedagoger pluss praksiskonsulent som utarbeider faglige prinsipper for utplassering av studenter i praksis og organisering av praksisbesøk.

Gitt mandatet til praksisutvalget, slik det er vedtatt i Programstyret for adjunkt- og lektorutdanningen ser utvalget det som naturlig at praksisutvalget jobber med disse sakene, men i løpet av utvalgets planlagte møtefrekvens. Det blir derfor ikke nedsatt et nytt og hurtigarbeidende utvalg. En av grunnene til dette er at vårsemesteret allerede er i gang og praksisforespørslene ble sendt ut i desember. Eventuelle vedtak vil derfor tidligst tre i kraft høsten 2012 og praksisutvalget har derfor tid på seg for å drøfte prinsipper for praksisutplassering og praksisbesøk. Utvalget ønsker i dette arbeidet også å fange opp de signalene den nye rammeplanen gir på dette området.

Praksisutvalget mener at PUHF peker på viktige problemstillinger som praksisutvalget vil behandle på kommende møter.

Vennlig hilsen

Marit Ulvik

leder for praksisutvalget

Hege Ekeland

førstekonsulent

Kopimottaker:

Hilde Hjertager Lund

**S12/5 Programsamling for studentane på MAHF-LÆFR og MAHF-LÆNO våren 2012
(vedtakssak)**

PUHF skal i vårsemesteret arrangere programsamling for studentane på MAHF-LÆFR og MAHF-LÆNO.

Forslag til vedtak:

S12/6 Endringar i studieplanen for MAHF-LÆFR (vedlegg) (vedtakssak)

Studieplanen for MAHF-LÆFR er endra med bakgrunn i 1) S11/12, S11/16 og S11/36 frå møta i PUHF 7.4.11, 5.5.11 og 15.12.11 og 2) studieplanmal for studieprogram ved HF-fakultetet. Endringane er merkte med kursiv og overstreking.

Forslag til vedtak:

Endringane i studieplanen for MAHF-LÆFR blir godkjente, og oppdatert studieplan sendast over til Det humanistiske fakultet.

Studieplan for MAHF-LÆFR

Integrert lektorutdanning med master i framandspråk (engelsk, fransk eller tysk)

I *Undervisningsspråk*

Undervisninga i fag I (engelsk, fransk eller tysk) vil vere på det aktuelle språket. For alle andre fagemne, sjå den einsskilte emneplanen.

II *Studiestart*

Hautsemesteret.

III *Mål og innhald*

Den integrerte lærarutdanninga Integrert lektorutdanning med master i framandspråk utgjer eit profesjonsstudium som utdannar lærarar for mellomtrinnet og ungdomstrinnet i grunnskulen og for den vidaregåande skulen. Utdanninga kombinerer praktisk-pedagogisk opplæring med solid fagkunnskap i minst to universitetsfag.

Studiet skal gi eit solid grunnlag i dei respektive vitskapsfaga med vekt på fagleg forståing, problemløysing og forståing for metodar og tenkjemåtar i faga. Vidare skal studiet gi grundig kunnskap i fagdidaktikk og pedagogikk, gi kunnskap om skulefaga og fremje dugleikar for praktisk yrkesutøving. Studiet skal dessutan gi ei grunnleggjande forståing av vitskapsfaga og skulefaga i ein samfunnsmessig og kulturell samanheng.

Studiet skal gi vitskapeleg funderte kunnskapar og evner i det faget studenten tek mastergrad i. Det skal gi ei god innføring i vitskapelege arbeidsmåtar og forskingsmetodar, og trening i sjølvstendig arbeide med omfattande og krevjande faglege oppgåver. Undervisninga er forskingsbasert og omhandlar det teoretiske grunnlaget for faga, så vel som faga sine metodar. Det vert lagt vekt på analytisk tenking, teoretisk og praktisk problemløysing, trening i skriftleg og munnleg presentasjon og tilrettelegging for læring.

Studiet skal utdanne lærarar som er ansvarlege og kompetente til å ta medansvar for elevs læring og utvikling. I studiet vert det lagt vekt på å utvikle kompetanse til vidare fagleg og profesjonell utvikling. Såleis er det eit mål å fremje kritisk refleksjon og samtalekulturar kring fag, undervisning og læring.

Framandspråkstudiet skal både gje teoretisk kunnskap om språk og praktisk dugleik i språk. Emna kan her vere knytte til t.d. språkstruktur, språket i bruk, språkhistorie, omsetjing, grammatisk analyse. Men eit språkstudium er også studium av kultur og samfunnstilhøve og ikkje minst litteratur. Gjennom tekstlesing er det eit mål å gjere studentane kjende med litteraturen og med sosiale, kulturelle og politiske tilhøve i språkområdet som vert studert. På høgare nivå i studiet vert det høve til å spesialisere seg i sjølvvalde faglege emne.

Som andrefag kan det veljast eit anna universitetsfag med eit fagdidaktisk tilbod tilrettelagt for lærarutdanningsprogrammet. Studentane vert oppmoda om å velje eit anna språkfag i tillegg til masterfaget.

IV Opptakskrav

- *Generell studiekompetanse eller realkompetanse.*
- *LÆRER: Minst karakter 3 i matematikk og norsk og minst 35 skolepoeng.*
- *Politiattest (jf. forskrift ved opptak til høgare utdanning, § 2 og §§ 6-10).*

V Tilrådde forkunnskapar

Tilrådd startgrunnlag er 5-timars kurset i engelsk og fordjuping frå Vg3 i andre framandspråk.

I undervisning og pensum vert det lagt til grunn at studenten på førehand har teke Examen facultatum – Språk og kommunikasjon.

VI Innføringsemne

Integrert lektorutdanning med master i framanspråk skal innehalde 30 studiepoeng med innføringsemne (førstesemesterstudiet):

- *EXPHIL-HF, Examen philosophicum, 10 stp.*
- *EXFAC00SK, Examen facultatum: språk og kommunikasjon, 10 stp.*
- *PEDA111, Pedagogikk, 10 stp.*

VII Obligatoriske emne / spesialisering

I programmet inngår obligatoriske emne i fag, fagdidaktikk og pedagogikk.

Når det gjeld praksis, er det obligatorisk med 15 dagars skuleerfaring fordelt på tre semester og undervisningspraksis samansett av om lag 120 timar undervisning fordelt på to semester. Både skuleerfaring og undervisningspraksis er knytt til emne som inngår i programmet. For nærmare informasjon, sjå emneplan for praksis.

Før avslutta studium skal studenten foreta ein munnleg presentasjon der studenten drøfter ei sjølvvalt problemstilling knytt til skole og læring i eit fag, inkludert studentens eigen grunnjevne ståstad. Presentasjonen kan vere knytt til studentens masteroppgåve.

På masterstudiet skal det skrivast ei masteroppgåve med eit omfang på normalt 70-110 sider, etterfylgt av ein munnleg eksamen. Masteroppgåva gir 60 studiepoeng. Det er gjort nærmare greie for masteroppgåvearbeidet i eigne emneplanar.

VIII Undervisningsmetodar

Undervisninga er forskingsbasert og omhandlar det teoretiske grunnlaget for faget, så vel som fagets metodar. Studenten skal gjennom studiet få møte ulike undervisningsmetodar, t.d. førelesingar, seminar, gruppearbeid, skriftlege og

munnlige presentasjonar, omgreps- og problemfokuserte oppgåve, problembasert læring, skriveoppgåver, rettleiing og praktisk bruk av digitale verkty. For nærmare informasjon, sjå dei einstilte emneplanane.

Læring gjennom rettleidd praksis i skulen står sentralt i studiet. Studenten vil få observere undervisning og planleggje og gjennomføre undervisning åleine og i samarbeid med medstudentar. Det vert i denne samanhengen lagt vekt på erfaringsutvikling gjennom refleksjon, samtale og oppgåveskriving.

Eit gjennomgåande trekk ved undervisninga skal vere å kombinere tileigning av fagleg kunnskap med kompetanse i å kunne leggje til rette for elevars læring og utvikling.

I tillegg til den undervisninga som vert tilbydd, vert studentane oppmoda om å også sjølve organisere eigne kollokviégrupper og skrivegrupper.

IX Vurderingsformer

I studiet inngår varierte vurderingsformer: For nærmare informasjon om vurderingsformer, sjå emneplanane for dei einstilte emna. ~~Det vert nytta karakterar for fagemna etter karakterskalaen A-F.~~

~~Praksis og utvalde obligatoriske aktivitetar vert vurderte med greidd/ikkje greidd.~~

Ifølgje Forskrift om skikkavurdering i høgare utdanning (nr. 859) fastsett av Kunnskapsdepartementet 30. juni 2006 med heimel i lov 1. april 2005 nr. 15 om universitet og høgskular § 4-10 sjette ledd, skal det gjennom heile studiet gjerast vurderingar av om studenten er skikka til læraryrket, og sluttvurdering og vitnemål for fullført utdanning føreset at studenten er vurdert som skikka (jf. § 4-10 andre leddet).

X Karakterskala

Det vert nytta karakterar for fagemna etter karakterskalaen A-F. Praksis og utvalde obligatoriske aktivitetar vert vurderte med greidd/ikkje greidd.

XI Krav til progresjon i studiet

Det vert stilt både karakter- og progresjonskrav i studiet. Sjå utfyllande reglar for studiet for nærmare informasjon.

XII Rekkjefølje for emne i studiet

1. semester (~~haust~~): *Førstesemesterstudiet*

~~Førstesemesterstudiet:~~

- EXPHIL-HF, Examen philosophicum, 10 stp.
- EXFAC00SK, Examen facultatum – Språk og kommunikasjon, 10 stp.
- ~~- Pedagogikk, 10 stp: PEDA114~~
- PEDA111, Pedagogikk, 10 stp.
- 5 dagar skuleerfaring

2. semester (~~vår~~): *Fag I 100-nivå, 30 stp*

~~-Fag 1, 100-nivå, 30 stp:~~

Engelsk: ENG101, ENG125 (ENG123 eller ENG124)

Fransk: FRAN101, FRAN103

Tysk: TYS111, TYS112

3. semester (~~haust~~):

- *Fag I* 100-nivå, 25 stp:

Engelsk: ENG106 og ENG122L, eller ENG106L og ENG122

Fransk: FRAN114, FRAN105, FRAN106

Tysk: TYS113, TYS124

- Fagdidaktikk i *fag I*, 5 stp.: ENGGDI101, FRANDI101 eller TYSDI101

- 5 dagar skuleerfaring, knytt til fagdidaktikk

4. semester (~~vår~~): *Fag II*, 100-nivå, 30 stp.

Engelsk: ENG101, ENG125

Fransk: FRAN101, FRAN103

Spansk: SPLA101, ~~SPLA104~~ SPLA103

Tysk: TYS111, TYS112

Nordisk: NOSP102, NOLI102

Religion: ~~RELV103~~, RELV101, RELV105

Historie: HIS102 (obligatorisk), og ~~ett~~ *eitt* av emna: HIS116, eller HIS115, eller

HIS108, ~~eller~~ HIM101 eller HIS111

5. semester (~~haust~~): *Fag II* 100-nivå, pedagogikk, fagdidaktikk i *fag II*

~~-Fag 2, 100-nivå, 20 stp:~~

- *Fagemne* (med tilrettelagt tilbod i fagdidaktikk), 20 stp.

Engelsk: ENG106L, ENG122L

Fransk: FRAN114, FRAN105

Spansk: SPLA105, SPLA106

Tysk: TYS123, TYS124

Nordisk: NOSP103-L, NOLI103-L

Religion: RELV102 og ~~RELV101L~~, RELV103L

Historie: HIS101, HIS120

~~-Pedagogikk, 5 stp: PEDA112~~

- PEDA112, Pedagogikk, 5 stp.

- Fagdidaktikk i ~~fag 2~~ *fag II*, 5 stp.

- 5 dagar skuleerfaring, knytt til fagdidaktikk i ~~fag 2~~ *fag II* og PEDA112

6. semester (~~vår~~):

- ~~Fag 1~~, *Fag I* 200-nivå, 25 stp:

Engelsk: ENG251 og ENG212L eller ENG252 og ENG211L

Fransk: FRAN201L og FRAN253 og FRANDI201, eller FRAN201 og FRAN253L

Tysk: TYS251 og TYS202L eller TYS252 og TYS201L

- Fagdidaktikk i ~~fag 2~~ *fag I*, 5 stp: ENGGDI201, TYSDI201

7. semester (~~haust~~): *Fag I 300-nivå, pedagogikk, fagdidaktikk i fag II og praksis*

- ~~Fag 1, 300-nivå, Fagemne, 15 stp:~~

Engelsk: ENG301 eller ENG302 eller ENG303 eller ENG304

Fransk: FRAN301 eller FRAN303 eller FRAN304

Tysk: TYS311

- ~~Pedagogikk, 10 stp: PEDA113~~

- *PEDA113, Pedagogikk, 10 stp.*

- ~~Fagdidaktikk i fag 2 fag II, 5 stp~~

- ~~8-veker 60 timar praksis~~

8. semester (~~vår~~): *Fag I 300-nivå, pedagogikk, fagdidaktikk i fag I og praksis*

- ~~Fag 1, 300-nivå, Fagemne, 15 stp:~~

Engelsk: ENG305 eller ENG306 eller ENG309 eller ENG310

Fransk: FRAN302 eller FRAN303 eller FRAN304

Tysk: TYS314 eller TYS315 eller TYS316 eller TYS317

- ~~Pedagogikk, 5 stp: PEDA114,~~

- *PEDA114, Pedagogikk, 5 stp.*

- ~~Fagdidaktikk i fag 4 fag I, 10 stp: ENGDI301, FRANDI301, TYSDI301~~

- ~~8-veker 60 timar praksis~~

9. semester (haust) og 10. semester (vår): *Fag I 300-nivå*

~~Fag 1, m~~ Masteroppgåve, 60 stp: ENG350 / FRAN350 / TYS350

XIII Delstudium i utlandet

Studentane vert oppmoda om å ta delar av studiet i utlandet. Utanlandsopphald vert avtalt og lagt til rette i samarbeid med dei fagleg ansvarlege institutta.

XIV Yrkesveggar

~~Fullført og greidd studium medfører sertifisering som lærar. Utdanninga kvalifiserer først og fremst for undervisningsarbeid med undervisningsstilling som lektor i skulen.~~

Integrert lektorutdanning med master i framandspråk kvalifiserer for tilsetjing i grunnskulen (mellom- og ungdomstrinnet) og i vidaregåande skule. Lærarutdanninga Lektorutdanninga gir undervisningskompetanse i to fag.

XV Oppstart

~~Hautsemesteret.~~

XVI Programansvarleg

~~Programstyret for lærarutdanning har overordna ansvar for lærarutdanninga ved UiB. Lærarutdanningsutvalet har lokalt ansvar for lærarutdanningsprogramma ved Det humanistiske fakultet.~~

XVII Fagansvarleg

Institutt for framandspråk

XVIII Administrativ ansvarleg

Det humanistiske fakultet

E-post: lektor@hf.uib.no

S12/7 Endringer i studieplanen for MAHF-LÆNO (vedlegg) (vedtakssak)

Studieplanen for MAHF-LÆNO er endra med bakgrunn i 1) S11/12 og S11/16 frå møta i PUHF 7.4.11 og 5.5.11 og 2) studieplanmal for studieprogram ved HF-fakultetet. Endringane er merkte med kursiv og overstreking.

Forslag til vedtak:

Endringane i studieplanen for MAHF-LÆNO blir godkjente, og oppdatert studieplan sendast over til Det humanistiske fakultet.

Studieplan for MAHF-LÆNO

Integrert lektorutdanning med master i nordisk

I **Undervisningsspråk**

Normalt norsk, dansk og svensk. Dersom du som fag II vel eit framandspråk, vil (delar av) undervisninga vere på det aktuelle språket.

II **Studiestart**

Hautsemesteret.

III **Mål og innhald**

Den integrerte lektorutdanninga utgjer eit profesjonsstudium som utdannar lærarar for mellomtrinnet og ungdomstrinnet i grunnskulen og for den vidaregåande skulen. Utdanninga kombinerer praktisk-pedagogisk opplæring med solid fagkunnskap i minst to universitetsfag.

Studiet skal gi eit solid grunnlag i dei respektive vitskapsfaga med vekt på fagleg forståing, problemløysing og forståing for metodar og tenkjemåtar i faga. Vidare skal studiet gi grundig kunnskap i fagdidaktikk og pedagogikk, gi kunnskap om skulefaga og fremje dugleikar for praktisk yrkesutøving. Studiet skal dessutan gi ei grunnleggjande forståing av vitskapsfaga og skulefaga i ein samfunnsmessig og kulturell samanheng.

Studiet skal gi vitskapleg funderte kunnskapar og evner i det faget studenten tek mastergrad i. Det skal gi ei god innføring i vitskaplege arbeidsmåtar og forskingsmetodar, og trening i sjølvstendig arbeid med omfattande og krevjande faglege oppgåver. Undervisninga er forskingsbasert og handlar om det teoretiske grunnlaget for faga, så vel som faga sine metodar. Det vert lagt vekt på analytisk tenking, teoretisk og praktisk problemløysing, trening i skriftleg og munnleg presentasjon og tilrettelegging for læring.

Studiet skal utdanne lærarar som er ansvarlege og kompetente til å ta medansvar for elevar si læring og utvikling. I studiet vert det lagt vekt på å utvikle kompetanse til vidare fagleg og profesjonell utvikling. Såleis er det eit mål å fremje kritisk refleksjon og samtalekulturar kring fag, undervisning og læring.

Det fyrste studieåret i nordiskfaget er delt mellom eit språkleg og eit litterært studium. Språkstudiet gir innsikt i korleis språket er oppbygt som system, korleis språket har utvikla seg, og kva som er bakgrunnen for dei variantane av skriftmål og talemål vi har i dag. Litteraturstudiet går inn på nordiske litterære tekstar, litteraturhistorie og tekstteori, og gir innsikt i sentrale forfattarskapar, ulike sjangrar og kulturhistorie. På høgare nivå vert det høve til å spesialisere seg i sjølvvalde faglege emne.

Namnet på faget understrekar eit nordisk perspektiv, men likevel vil hovudtyngda i studiet liggje på norsk språk og norsk litteratur. I kor stor grad studenten arbeider med nordiske eller reint norske fagområde, vil òg studenten sjølv kunne avgjere.

Som andrefag kan det veljast eit anna universitetsfag med eit fagdidaktisk tilbod tilrettelagt for lektorutdanningsprogrammet.

IV Opptakskrav

- Generell studiekompetanse eller realkompetanse.
- *LÆRER: Minst karakter 3 i matematikk og norsk og minst 35 skolepoeng.*
- Politiattest (jf. forskrift ved opptak til høgare utdanning, § 2 og §§ 6-10). ~~Tilrådd startgrunnlag er norskeksamen i felles allmenne fag ved studieretning for allmenne fag frå vidaregåande skule.~~

V Tilrådde forkunnskapar

Tilrådd startgrunnlag er norskeksamen i felles allmenne fag ved studieretning for allmenne fag frå vidaregåande skule.

VI Innføringsemne

Integrert lektorutdanning med master i nordisk skal innehalde 30 studiepoeng med innføringsemne (førstesemesterstudiet):

- *EXPHIL-HF, Examen philosophicum, 10 stp.*
- *EXFAC00SK, Examen facultatum: språk og kommunikasjon, 10 stp.*
- *PEDA111, Pedagogikk, 10 stp.*

VII Obligatoriske emne / spesialisering

I programmet inngår obligatoriske emne i fag, fagdidaktikk og pedagogikk. Desse emna er spesifiserte nedanfor.

Når det gjeld praksis, er det obligatorisk med 15 dagars skuleerfaring fordelt på tre semester og undervisningspraksis samansett av om lag 120 timar undervisning fordelt på to semester. Både skuleerfaring og undervisningspraksis er knytte til emne som inngår i programmet. For nærmare informasjon, sjå emneplan for praksis.

På masterstudiet skal det skrivast ei masteroppgåve med eit omfang på 70-110 sider, etterfølgd av ein munnleg eksamen. Masteroppgåva gir 60 studiepoeng. Prosjektet for masteroppgåva skal vere godkjent i eit prosjektførebuande emne før arbeidet tek til. Det er gjort meir greie for masteroppgåvearbeidet i ein eigen emneplan.

VIII Undervisningsmetodar

Programmet omfattar ulike undervisningsformer; til dømes forelesing, seminar, gruppeundervisning og individuell rettleiing.

For meir detaljert informasjon, sjå emneplanen for det einskilde emnet.

IX Vurderingsformer

I studiet inngår varierte vurderingsformer. For nærmare informasjon om vurderingsformer, sjå emneplanane for dei einskilde emna.

Ifølgje Forskrift om skikkavurdering i høgare utdanning (nr. 859) fastsett av Kunnskapsdepartementet 30. juni 2006 med heimel i lov 1. april 2005 nr. 15 om universitet og høgskular § 4-10 sjette ledd, skal det gjennom heile studiet gjerast vurderingar av om studenten er skikka til læraryrket, og sluttvurdering og vitnemål for fullført utdanning føreset at studenten er vurdert som skikka (jf. § 4-10 andre leddet).

~~Det vert nytta karakterar for fagemna etter karakterskalaen A-F.~~

~~Praksis og utvalde obligatoriske aktivitetar vert vurderte med greidd/ikkje greidd.~~

X Karakterskala

Det vert nytta karakterar for fagemna etter karakterskalaen A-F. Praksis og utvalde obligatoriske aktivitetar vert vurderte med greidd/ikkje greidd.

XI Krav til progresjon i studiet

Det vert stilt både karakter- og progresjonskrav i studiet. Sjå utfyllande reglar for studiet for nærmare informasjon.

XII Rekkjefølje for emne i studiet

1. semester: Førstesemesterstudiet

- EXPHIL-HF, Examen philosophicum, 10 stp.
- EXFAC00SK, ~~Examen facultatum: språk og kommunikasjon~~, Examen facultatum – Språk og kommunikasjon, 10 stp.
- PEDA111, Pedagogikk, 10 stp.
- 5 dagar skuleerfaring

2. semester: Nordisk 100-nivå

- NOSP102 Nordisk: Moderne språk, 15 stp.
- NOLI102 Nordisk: Litteratur etter 1900, 15 stp.

3. semester: Nordisk 100-nivå, *fagdidaktikk i fag I*

- NOLI103 Nordisk: Den eldre litteraturen, 15 stp.
- NOSP103-L Nordisk: Språkhistorie og talemål for integrert lektorutdanning, 10 stp.
- NODI101, Norskdidaktikk, 5 stp.
- 5 dagar skuleerfaring, knytt til norskdidaktikk

4. semester: Fag II 100-nivå, 30 stp:

~~- Fagemne, 30 stp.~~

Engelsk: ENG101, ENG125

Fransk: FRAN101, FRAN103

Spansk: SPLA101, SPLA103

Tysk: TYS111, TYS112

Religion: RELV101, RELV105

Historie; HIS102 (obligatorisk), og eitt av emna: HIS116, HIS115, HIS108, HIM101 eller HIS111

5. semester: Fag II 100-nivå, *pedagogikk, fagdidaktikk i fag II*

- Fagemne (med tilrettelagt tilbod i fagdidaktikk), 20 stp.

Engelsk: ENG106L, ENG122L

Fransk: FRAN114, FRAN105

Spansk: SPLA105, SPLA106

Tysk: TYS123, TYS124

Religion: RELV102, RELV103L

Historie: HIS101, HIS120

- PEDA112, Pedagogikk, 5 stp.

- Fagdidaktikk i fag II, 5 stp.

- 5 dagar skuleerfaring, knytt til fagdidaktikk i fag II og PEDA112

6. semester: Nordisk 200-nivå, *fagdidaktikk i fag I*

- NODI201, Norskdidaktikk, 5 stp.

- *Fagemne, 25 stp.*

Eitt av desse emna skal veljast:

NOLI210-L Nordisk: Litterær analyse og teori for integrert lektorutdanning

NOSP210-L Nordisk: Språkbruksanalyse for integrert lektorutdanning

Dersom ein vel NOLI210-L, skal eitt av desse emna veljast:

NORAN251-L Andrespråkslæring og -undervisning for integrert lektorutdanning

NOSP250 Nordisk: Språkbruksanalyse

NOSP251: Nordisk: Språkleg variasjon og endring 1

Dersom ein vel NOSP210-L, skal eitt av desse emna veljast:

NOLI250 Nordisk: Litterær analyse og teori

NOLI251 Nordisk: Litterært fordjupingsemne 1

7. semester: Nordisk 300-nivå, *pedagogikk, fagdidaktikk i fag II og praksis*

~~-PEDA113, Pedagogikk, 10.stp~~

~~-Fagdidaktikk i fag II, 5 stp.~~

- *Fagemne, 15 stp.*

-Eitt av desse emna skal veljast:

NOFI302 Spesialisert emne i norrøn filologi 1

NOLI311 Nordisk: Litterært masteremne C

NOLI320 Nordisk: Litterært særemne

NOLI322 Nordisk: Litterært masteremne B

NOSP211 Nordisk: Språk i Norden

NOSP320 Nordisk: Språkleg særemne

NOSP322 Nordisk: Namnegransking 2

NOSP323 Nordisk: Språkssystemet 2

- *PEDA113, Pedagogikk, 10 stp.*

- *Fagdidaktikk i fag II, 5 stp.*

- 60 timar praksis

8. semester: Nordisk 300-nivå, *pedagogikk, fagdidaktikk i fag I og praksis*

- NOLISP300 Nordisk: Prosjektførebuande emne, 15 stp.

- PEDA114, Pedagogikk, 5 stp.

- NODI302, Norskdidaktikk, 10 stp.

- 60 timar praksis

9. semester og 10. semester: Nordisk 300-nivå

NOLISP350, Mastergradsoppgåve i nordisk, 60 stp.

Praksis gir ikkje studiepoeng, men er ein obligatorisk del av pedagogikk og fagdidaktikk

XIII Delstudium i utlandet

Studentane vert oppmoda til å ta delar av studiet i utlandet. Utanlandsopphald vert avtalt og lagt til rette i samarbeid med dei fagleg ansvarlege institutta.

XIV Yrkesvegar

~~Lærerutdanninga~~ *Integrert lektorutdanning* med master i nordisk kvalifiserer for tilsetjing i grunnskulen (mellom- og ungdomstrinnet) og i vidaregåande skule.

~~Lærerutdanninga~~ *Lektorutdanninga* gir undervisningskompetanse i norsk og det faget ein vel som fag II.

XV Fagansvarleg

Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium

XVI Administrativ ansvarleg

Det humanistiske fakultet

E-post: lektor@hf.uib.no

S12/8 Prioriterte område for programsensor (vedtakssak)

Programsensor for MAHF-LÆFR og MAHF-LÆNO, Andreas Lund, håpar å få til eit møte med studentar og tilsette ved UiB i samband med konferansen på Solstrand 15. og 16. mars 2012. Lund ønskjer innspel i forhold til kva tema som skal prioriterast i inneverande periode.

I årsrapporten for 2011 har programsensor sjølv nemnd på dette som moglege tema:

- Samarbeid mellom fagdidaktikarar og pedagogar
- Kvalifikasjonsrammeverket i emneplanane
- Praksisperiode, innhald og verdi i forhold til undervisning på campus
- Synspunkta til studentane på undervisning og studieløp
- Oppgåver, aktivitetar og vurderingsformer
- Rettleiing

Forslag til vedtak:

S12/9 Ny nasjonal rammeplan (diskusjonssak) (vedlegg)

Fagdidaktikarane ved HF heldt onsdag 29. februar 2012 eit møte, der ny nasjonal rammeplan var tema. PUHF ønskjer òg å diskutere forslag til ny rammeplan før lærarutdanningskonferansen på Solstrand 15. og 16. mars 2012.